

Oterholtfoss kraftverk

Tilbakemelding på høyringsuttalar frå utbyggjar Telemark Energi

19.09.2025

Bystøl AS/Jens A. Melheim

Innhold:

- 1. Generelt**
- 2. Kommentar til hver høyringsuttale**

1. Generelt

Konsesjonspliktavurdering for utviding og opprusting av Oterholt kraftverk i Midt-Telemark kommune i Telemark Fylke har vore ut offentleg høyring. NVE har mottatt høyringsuttalar Midt-Telemark kommune, Telemark fylkeskommune, Institutt for friluftsliv, idrett og kroppsøving ved Universitetet i Sørøst-Norge, DNT Telemark, Bø Fiskelag, Bø Padlegruppe, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark samt Naturvernforbundet i Midt-Telemark. Høyringsuttalane har vært gjennomgått av Bystøl AS, rådgjevar som utarbeida konsesjonspliktavurderinga.

Telemark Energi vil påpeike at ved negativt utfall av omsøkt utviding, vil rehabiliteringsarbeid starte innanfor gjeldande konsesjon. Dette inneber vedlikehald av terskelen i Bøelva, bygging av ny inntakskonstruksjon, nedgrave trykkrøyr og ny kraftstasjon. Konsekvensane av utvidinga er altså avgrensa til moderat auke i vassuttaket.

Det har ikkje kome nokon politiske innspel frå Midt-Telemark kommune, kun eit administrativt vedtak. Kommunestyret i Bø kommune, som no er ein del av Midt-Telemark kommune, har tidlegare vore positive til større vassutak i Oterholtfossen for auka produksjon av elektrisk kraft. Konsernsjefen i Telemark Energi har hatt kontakt med politiske leing i kommunen og dei er utelukkande positive til omsøkt utviding.


2. Kommentar til hver høyringsuttale.

Nr.	Høyringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
1	Midt-Telemark kommune	1. Friluftsliv og allmenne interesser - Oterholtfossen og Kvennøya er mykje brukte friluftsliv- og rekreasjonsområde for innbyggjarar og besøkande. - Brukast av Bø museum (gardstun med historiske bygningar), skular, barnehagar, universitet og lokale lag/organisasjonar. - Folkesti etablert langs elva med informasjon om natur og kultur, samt bål plassar og tilrettelegging for turgåing, padling, fiske og bading. - Oterholtfossen er det mest krevjande padlepartiet i regionen og er viktig for elvepadling. 2. Kulturminne - Ingen freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar på Kvennøya, men fleire eldre bygningar frå museumssamlinga er flytta dit. - Spor etter tidleg industri (kverner, møller, sagbruk) og grunnmurar frå då området var handelssentrum i Bø. 3. Naturtypar og naturverdiar - Registrerte naturtypar: rik edellauvskog, flommarkskog, kalkskog – vurdert som «viktig» eller «lokalt viktig».	Opprustinga og utvida vil ikkje råke Oterholtfossen og Kvennøya som rekreasjonsområdet. Omsøkt auke i slukeevne vil heller ikkje påverke opplevinga av fossen. Inntaket blir etablert ved eksisterende inntak og trykkrøyret blir nedgrave, dels der kanalen er i dag og dels i veg til eksisterande kraftverk. Den nye kraftstasjonen blir bygd på/ved parkeringsplassen til dagens kraftverk. Dagens tilkomstveg vert gjenbrukt. Eit nytt moderne kraftverk vil føre til mindre trafikk i samband med drift og vedlikehald enn det er i dag. I byggefasen vil den delen av Kvennøya som ligg sør for «Kvernbecken» i stor grad bli avsperra. Dette er den minst brukte delen av Kvennøya. Bø Padlegruppa har kome med eiga uttale for forholda for padlarar vert kommentert der. Ein vil vera varsam slik at eksisterande bygningar og spor etter tidleg industri ikkje vert råka. Planen er å ta vare på eksisterande kraftstasjon og opne denne for publikum slik at Kvennøya får eit nytt industrielt kulturminne. Skog vert ikkje råka.

Nr.	Høyringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
		- Elvemusling finst i Bøelva (trua art på europeisk nivå). - Laks vandrar opp til fossen, og arten «stautnål» er registrert med særleg forvaltningsinteresse. 4. Planstatus - Kommuneplan: området rundt kraftverket er avsett til «andre typar bebyggelse og anlegg» (kraftstasjon), medan resten av Kvennøya er «friområde». Store delar ligg i flomsone. - Reguleringsplan frå 1995: Kvennøya og nærliggande område sett av til «friluftsområde» med bevaringsområde og fareområde for høgspenning. 5. Vassdrag og miljø (vassforskrifta) - Bøelva er klassifisert som i «god økologisk tilstand», men kjemisk tilstand udefinert. - Tiltak føreslått for å oppretthalde tilstanden (jordbruks- og avløpstiltak, habitattiltak). - Tidlegare gjekk laks heilt opp til Seljord, men dette stoppa etter kraftverket vart bygd. - Behov for tiltak som fisketrapp for å betre fiskevandring, noko som også vil gagne elvemusling. - Viktig å unngå nedslamming ved inngrep og sikre trygg utvandring for laks, sjøaure og ål. - Dersom inngrep reduserer økologisk tilstand, må § 12 i vassforskrifta leggjast til grunn. 6. Andre forhold - Kommunen peiker på fleire relevante interessentar som bør høyrast vidare	Elvemusling er grundig dokumentert i tidlegare konsesjonssøknadsprosess med stor utbygging. Dette tiltaket vil ikkje råke elvmuslingførekomen negativt. Forholda for laks og «Stausnål» vert ikkje endra i planlagt prosjekt. Planstatus er kjent. Det vil bli søkt om dispensasjon frå arealformålet «friområde» til bygging av ny kraftstasjon. Over trykkrøyet vert terrenget tilbakeført og planstatusen uendra. Tiltaket vil ikkje påverke vassmiljøet i Bøelva i driftsfasen. Fisketrapp slik at laks kjem opp det sørlege løpet vil bli vurdert. Dette må vurderast mot omsynet til storauren i Seljordsvatnet. Tiltak for å sikre opp-og-nedvandring vil bli gjort slik at inngrepet får positiv konsekvens, spesielt for ål, som er kritisk trua på raudlista, er dette viktig. Inngrep i vassdraget vil bli lagt til lågvassperiodar slik at sjansen for tilsamling vert liten. Området rundt inntaket vert tørrlagt ved at alt vatnet vert ført til Oterholtfossen i byggeperioden. Universitetet i Sørøst-Norge, Bø padleggruppe, Bø fiskelag, og DNT Telemark har sendt eigne høyringsinnspel.

Nr.	Høringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
		(museum, fiskelag, padlegruppe, turlag, speidarar, universitet m.m.).	
2	Telemark Fylkeskommune	1. Kulturminne - Ingen kjende automatisk freda kulturminne i konflikt med tiltaket. - Tidlegare saker har utløyyst krav om § 9-undersøking etter kulturminnelova, og evt. planendringar må sendast inn på nytt. - Påminning om stanse- og meldeplikt dersom ukjende kulturminne vert oppdaga. - Oterholtfoss kraftverk med tre-rørygate er eit unikt og kulturhistorisk verdifullt anlegg. Positivt at dette ikkje skal fjernast, men drift bør oppretthaldast for å hindre forfall. Vassforvaltning Bøelva er i dag i <i>god økologisk tilstand</i> etter vassforskrifta, og dette må ikkje forverrast. - Viktig at utvidinga ikkje skadar potensialet for laks, aure og ål. - Eksisterande terskel og minstevassføring i hovudelva er ikkje godt nok forklart i søknadsdokumenta – fylkeskommunen etterlyser betre beskriving.	Ved søknad om byggeløyve vil eventuelle krav om §9-undersøkingar etter kulturminnelova bli utløyyst. I samband med tidlegare kartleggjingar er det svært liten sannsynlegheit for funn i tiltaksområdet då dette er «rota i» ved tidlegare utbyggingar. Delar av trerøryret er planlagt bevart. Bevaring gjennom bruk er dessverre ikkje mogeleg med krava som blir stilt til eit moderne kraftverk med tanke på sikkerheit og drift. Omsøkt utviding vil etter søkjars og konsulent sine vurderingar ikkje ha negativ konsekvens for vassforvaltninga. Potensialet for laks, aure og ål vert ikkje skada. Eksisterande terskel består gamle kraftlinjestolpar og nokre parti med betong. Vatnet renn både over og under stolpane. I nokre parti er terskelen borte og vatnet renn fritt. Høgda er 20-30cm over fjellkonturen. Ved bygging opprusting vil terskelen bli erstatta med ein kontinuerleg terskel i betong med avrunda overløp. Terskelen blir 20-30 cm høg med eit tydeleg spor for slepp av vatn ned Oterholtfossen. Dette gjev vesentleg betre kontroll på sleppet enn dagens terskel.

Nr.	Høyringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
			 Dagens terskel.

Nr.	Høyringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
		Viser til at tiltak i vassdrag kan krevje søknad etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag (heimla i lakse- og innlandsfisklova). Statsforvaltaren har ansvar der anadrom fisk førekjem. Fylkeskommunen meiner at vurdering etter vassforskrifta § 12 må skje på dette stadiet, fordi avgjerd om konsesjonsplikt påverkar kva avbøtande tiltak som er mogleg å pålegge.	 Typisk snitt av ny betongterskel Søknad om fysisk tiltak i vassdrag vil bli sendt Statsforvaltaren før ein eventuell byggesøknad vert sendt. Me er enige i at desse vurderingane må gjerast no.

Nr.	Høringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
		Konsesjonsspørsmålet - Fylkeskommunen meiner konsesjonsbehandling etter vassressurslova er nødvendig, for å: - Få moderne konsesjonsvilkår som sikrar miljøomsyn. - Gje rom for ei heilskapleg vurdering av samla kraftutbyggingar i Skiensvassdraget. - Sikre betre verktøy for å balansere kraftproduksjon med naturmangfald og fiskeinteresser.	Utbygger og rådgjevar meiner omsøkt opprusting og utviding ligg innafor konsesjonen til eksisterande kraftverk og at det omsøkte tiltaket ikkje vil ha negative konsekvensar for allmenne interesser. Det er tidlegare utført ein svært grundig prosess med konsesjonssøknad for stor utbygging (9MW) i Oterholtfossen. Denne erfaringa gjer at ein ny konsesjonsprosess er lite truleg. På den andre sida kraftverket treng sårt opprusting.
3	DNT Telemark	Friluftsliv og kulturverdiar - Bøelva er eit mykje brukt rekreasjonsområde både for innbyggjarar og turistar i Bø. - Kvennøya har særleg historisk og kulturhistorisk verdi som formidlar lokal historie og identitet. - DNT understrekar at desse verdiane må ivaretakast dersom kraftverket blir utvida. Naturmangfald - Elva er leveområde for fleire artar, inkludert kritisk trua elvemusling og villaks. - Ei større regulering eller utbygging kan true desse artane og økosystemet i elva. Tidlegare vedtak - DNT viser til at kraftlaget tidlegare har fått avslag på utviding. - Departementet konkluderte då at dei	Opprustinga og utvida vil ikkje råke Oterholtfossen og Kvennøya som rekreasjonsområdet. Omsøkt auke i slukeevne vil heller ikkje påverke opplevinga av fossen. Ei svært moderat auke i slukeevna vil etter våre vurderingar ikkje påverke elvemusling og laks. I tidlegare søknader vart det søkt om eit vassutak på 32,5-36 m³/s. Dette vil ha vesentleg større konsekvensar enn omsøkt vassuttak på 7m³/s. Vi er difor uenige i at endringane i søknaden i høve

Nr.	Høyringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
		samfunnsmessige fordelane var mindre enn dei skadar og ulempene som ville oppstå for natur, miljø og allmenne interesser (vassdragsreguleringslova § 5). - DNT meiner at argumenta frå den gongen framleis er relevante, då endringane i søknaden er små. Kraftproduksjon og miljø - DNT legg merke til at den nye planen ser ut til å auke minstevassføring og ikkje ha store økologiske konsekvensar. Dersom dette er korrekt, har DNT ingen innvendingar til tiltaket, men peikar på at det er avgjerande med tett oppfølging og kontroll av minstevassføringa	tidlegare konsesjonssøknader er små. Dette er korrekt. Dei økologiske konsekvensane er små og ei opprusting vil gje betre kontroll og oppfølging av minstevassføringa.
4	Universitetet i Sørøst-Norge. Institutt for Friluftsliv, Idrett og krop psøving.	Friluftsliv og bruk av området - Oterholtfossen og Kvennøya er mykje brukte friluftsliv- og rekreasjonsområde for både lokalbefolkning og tilreisande. - Området gir enkel tilgang til Bøelva, med kortreiste moglegheiter for bading, fiske og padling. - USN nyttar området aktivt i undervisning og faglege aktivitetar, noko som gir særleg verdi for utdanninga innan friluftsliv og idrett.	Utbygger kjenner godt til friluftsliv og bruken av området. Planlagt utbygging vil verken redusere tilgjenge til området eller redusere opplevingane.

Nr.	Høringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
		Unik tilgjenge - Oterholtfossen/Kvennøya er særleg verdifulle på grunn av tilgjenge og nærleik til sentrum. - Området er kartlagt som «svært viktig friluftslivsområde» i kommunedelplanen og i Midt-Telemark kommunes eige høyringssvar. Etterlysing av konsekvensutgreiing - USN ber om ei konsekvensutgreiing som vurderer korleis ei eventuell utbygging kan påverke moglegheitene for friluftsliv i området. - Peikar på at slike vurderingar har vore viktige i tidlegare konsesjonssaker i same vassdrag. Folkehelseperspektiv - Instituttet understrekar betydninga av nært naturmiljø for folkehelse og livskvalitet. - Å ha tilgang til område som Oterholtfossen er avgjerande både for lokalbefolkninga og for undervisninga ved institusjonen.	I ei konsesjonspliktvrdering er det kun prøvd å belyse om tiltaket har negative konsekvensar for allmenne interessert ut frå no-situasjonen. Fagrapportar med konsekvensutgreiingar er ikkje ein del av ei konsesjonspliktvrdering. Tidlegare arbeid er likevel relevant. Det er friluftaktivitetar som krev mykje vassføring, som til dømes elvepadling som kan verte råka av ei moderat utviding. Dette vil bli kommentert under høyringsinnspelet frå Bø Padlegruppe. I eit folkehelseperspektiv vil ikkje tilgjenge og opplevinga av Oterholtfossen blir råka. Dagar med overløp på dammen vert redusert med 3-4 dagar i normale og våte år og rundt 35 dagar i eit tørt år.
5	Bø Padlegruppe	Friluftsliv og padling - Oterholtfossen og Bøelva er svært viktige friluftslivsområde, særleg for elvepadling. - Elvestrekninga Oterholt–Gårabru er mykje brukt, med Oterholtfossen som hovudattraksjon. - Bø Padlegruppe har klubbhus rett ovanfor fossen, arrangerer kurs og aktivitetar, og området blir brukt av fleire padleklubbar og forbundet, i tillegg til mange uorganiserte padlarar.	Telemark Energi er godt kjent med at dette er eit viktig friluftsområde, jamfør tidlegare konsesjonsprosesser. Viktig informasjon som tilseier at Bø Padlegruppe har førstehands kjennskap til forholda i Bøelva og Oterholtfossen.

Nr.	Høyringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
		Kritikk av planarbeidet - I søknadsdokumenta blir friluftslivsinteressene lite omtala, noko padlegruppa meiner viser utilstrekkeleg planarbeid. - Dei peikar på at både OED i 2019 og Midt-Telemark kommune i 2025 har understreka at området er svært viktig for friluftsliv. Konsekvensar av tiltaket Overløpsterskel: Teikningar viser ei mogleg terskelkonstruksjon utan god forklaring. - Kan skape farlege «druknemaskiner» med tilbakegåande straumar som gjer padling umogleg og kan vere livsfarlig. Auka slukeevne: Planlagt auke på 2 m³/s vurderast å ha liten betydning under normal vassføring, men padlegruppa fryktar at dette vil skape presedens for framtidige auke som kan redusere padlemoglegheitene. Opplevingsverdi: Strukturar i elva vil endre landskap og redusere opplevingskvalitet for både padlarar og allmenta.	Alle fagområde er lite omtala i ein konsesjonspliktvrdering samanlikna med ei full konsesjonssøknad eller kommunal reguleringsplan. Dette kjenner utbygger godt til. Overløpsterskel blir maksimalt 40 cm høg, vil vere rundt 20cm på det meste av overløpet. Dette er lågare enn dei farlege tersklane på 50-150cm høgde. Typisk tverrsnitt er vist på side 6 ovanfor. Ved låge vassføringer vil det vere eit definert spor (20cm lågare enn resten av terskelen i 5 meter breidde, der minstevassføringa vert sleppt. Plasseringa av sporet kan markerast for padlarar. Terskelen kan også utformast med skrått overløp (30-40 grader) på nedstraums side slik at retursirkulasjonen vert redusert. Oppbrytning av overløpet er også eit aktuelt tiltak. Ein vil legge seg på beste praksis ved utforming av terskel med omsyn til padleaktiviteten. Dette er i samsvar med våre vurderingar. Ein ytterlegare auke må gjennom ei ny vurdering i NVE og då vil historia ligge der. Rådgjevar kjenner ikkje til konsesjonspliktvrderingar i mange omganger der kraftverkseigar søker om ei liten auke kvar gong. Det er ein struktur med tømmerstokkar og betong i elva per i dag. Ein ny struktur vil følgje traseen til eksisterande struktur. I eit normalt år vil det vere overløp over denne strukturen i 349 dagar som gjer at den blir svært lite synleg.

Nr.	Høyringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
6	Bø Fiskelag	Kommentar til prosessen - Fiskelaget meiner at høyringsfristen var svært kort, noko som gjer det vanskeleg for lag og organisasjonar utan daglege møter å respondere i tide. Uklarheiter i NVEs informasjon - Etterlyser forklaring på fleire tekniske omgrep: Slukeevne (frå 5 til 7 m³/s). «Dagens slipp» (minstevassføring – auka frå 2,0 til 2,6 m³/s). Gjennomsnittleg vassutnytting (auke frå 14,4 % til 28,1 %). - Peikar på at informasjonen ikkje gir godt nok grunnlag til å vurdere om dei samfunnsmessige fordelane ved utvidinga er store nok. - Etterlyser også opplysningar om virkningsgrad for ny turbin, noko som manglar i dokumentasjonen. Tidlegare konsesjonssaker - Minnar om at det har vore fleire runder med forslag til utbyggingar i Oterholtfossen, og at det sist kom avslag frå NVE. - Grunngjevinga var at biologisk mangfald ville bli for negativt påverka, slik at ulempene var større enn fordelane. - Fiskelaget stiller spørsmål ved kvifor ein så kort tid etter dette avslag igjen ønskjer å auke uttaket frå elva. Haldning til opprusting - Opprusting med ny turbin og ny tilførselstunnel med same kapasitet kunne vore akseptabelt utan store konsekvensutgreiingar. - Men: sidan det no er snakk om å ta ein større del av vassføringa gjennom kraftverket, meiner fiskelaget at dette ikkje kan akseptast utan grundig utgreiing.	Bø Fiskelag har etter det me les av høyringsuttalen berre lese og kommentert høyringsbrevet/følgebrevet og ikkje sjølve utgreiinga. I utgreiinga til konsesjonspliktavurderinga ville dei ha funne svar på mykje av det dei etterspør. Me har ingen ytterlegare kommentar til Bø Fiskelag sitt innspel.

Nr.	Høyringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
		- Konkluderer med eit nei til auka uttak grunna omsyn til biologisk mangfald og friluftsinnteresser. Om bruken av området - Fiskelaget viser til høyringsinnspillet frå Midt-Telemark kommune, som dei meiner gjev ei god oversikt over allmenn bruk av området. - Støttar kommunen si vurdering om at området har stor allmenn interesse	
7	Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark	- Bøelva er svært verdifull: leveområde for elvemusling (ansvarsart), laks, sjøørret, storørret og ål. Tiltak som kan skade desse artane må vurderast strengt. - Kunnskapsgrunnlaget i søknaden er over 10 år gammalt og mangelfullt. Økologiske konsekvensar er uoversiktlege utan oppdatert kunnskap. - Vassdraget er allereie sterkt belasta av kraftutbygging; ytterlegare inngrep kan forsterke belastninga på den økologiske dynamikken. - Bekymring for negative konsekvensar også for kultur- og landskapsopplevingar, rekreasjon, fiske, friluftsliv, læring og forskning	Vi meiner omsøkt utbygging i svært liten grad vil påverke leveområdet til elvemusling, laks og sjøørret. Råka elvestrekning har kun ein liten lokasjon med elvemusling og auken i vassuttak er moderat. For nedvandrande fisk vil tiltaket ha ein positiv effekt ved at best-praksis vert lagt til grunn for utforming av rist og inntak. Dette vil hindre at fisk kan gå i turbinen. I høve ei konsesjonspliktavurdering må kunnskapsgrunnlaget seiast å vere godt. Ved ein eventuelt ny konsesjonssøknad må kunnskapsgrunnlaget oppdaterast av fagfolk. Vassdraget er alt sterkt regulert med Sundsbarmutbygginga og reguleringa av Seljordvatnet. Oterholtfoss kraftverk er per i dag einaste kraftverk mellom Seljordsvatnet og Nordsjø. Dynamikken i vassdraget vil i stor grad bli vidareført ved at slukeevna aukar frå 21% til 30% av middelvassføringa. Til samanlikning vert vassuttak på 40% til 50% av middelvassføringa gjeve løyve til i verna vassdrag. Sjå til tidlegare merknader til innspela frå Midt-Telemark kommune, Universitetet i Sørøst-Norge, Bø Padlegruppe og DNT Telemark.

Nr.	Høringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
		Statsforvaltaren vurderer planlagt tiltak såpass viktig for vassdraget at det bør konsesjonsbehandlast etter vassressurslova.	Utbygger og rådgjevar meiner omsøkt opprusting og utviding ligg innafor konsesjonen til eksisterande kraftverk og at det omsøkte tiltaket ikkje vil ha negative konsekvensar for allmenne interesser. Det er tidlegare utført ein svært grundig prosess med konsesjonssøknad for stor utbygging (9MW) i Oterholtfossen. Denne erfaringa gjer at ein ny konsesjonsprosess er lite truleg. På den andre sida kraftverket treng sårt opprusting.
8	Naturvernforbundet i Midt-Telemark	- Har ikkje prinsipielle motførestillingar til rehabilitering/utviding som idé, og ser positivt på at den gamle kraftstasjonen blir ståande. Kunnskapsgrunnlaget er for svakt: - Bygger på Norconsult sine utgreiingar frå tidlegare konsesjonsprosess (avslag 2020). - Desse blei kritisert av fleire instansar og er ikkje tilpassa dagens prosjekt. - Referansar til «undersøkingar i fleire omgangar» er misvisande, då det i praksis berre finst gamle rapportar. Klimaanalysar: Prognosar for tørre år byggjer på data frå 1996, som ikkje tek omsyn til klimaendringar. Nye berekningar er nødvendige.	Det er positivt. Vi er enige i at kunnskapsgrunnlaget er noko gammalt dersom det hadde vore snakk om ein ny konsesjonssøknad. I ei konsesjonspliktavurdering meiner vi kunnskapsgrunnlaget er over kva som kan forventast. Kunnskapsgrunnlaget vart laga for ei større utbygging med vesentleg større vassuttak. Me meiner likevel det er relevant innanfor råka strekning. Året 1996 er det klart tørraste året sidan 1982. Ser vi på 2022, som er det nyaste tørre året, vil kraftverket gå heile året og det vil vere minstevassføring i 102 dagar. Når det gjeld klimaendringar, så ser vi ein signifikant auke i middelvassføringa. Gjennomsnittsvassføringa i perioden 1982-1991 var 24,5 m³/s og ser ein på perioden 2015-2024 er gjennomsnittsvassføringa 26,2m³/s. Det vil seie ein auke på 1,7m³/s, om lag det same som omsøkt utviding.

Nr.	Høringsuttale fra	Hovedmoment	Kommentar fra utbygger / rådgjevar
		• Alternativutgreiing manglar: Alternativet «rehabilitering utan auka slukeevne» er ikkje tilstrekkeleg behandla • Positivt med planlagt fiskesikker rist og fluktveg, men fleire tiltak trengst for fisk, ål og andre ferskvassorganismar. Fiskevandingsvegar må vurderast, og det må gjerast nye utgreiingar for ål, niauge og storaure, ikkje berre elvemusling og laks. • Oterholtfoss/Gåra bru-området er eit biologisk «høgdepunkt» i regionen, med verdifulle naturtypar som lauvskog og ravinelandskap. • Behov for nye og meir detaljerte undersøkingar, inkludert fossesprøytsoner, mosar og insektpopulasjonar. • Kultur og friluftsliv ○ Kvennøya er viktig kulturhistorisk område. Positivt at den gamle kraftstasjonen skal bevarast, men det bør vurderast kor mykje av infrastrukturen som kan reddast. ○ Friluftsverdi: Oterholtfossen er svært viktig lokalt og regionalt, lett tilgjengeleg og sentrumsnært. Opplevingsverdien kan bli svekka av fleire dagar med redusert vassføring, noko som også vil påverke elvemusling og andre artar • Kan ikkje stille seg bak auka slukeevne no på grunn av for dårleg kunnskapsgrunnlag.	Rehabilitering utan auka slukeevne har ein løyve til jamfør Vannressursloven §66 (Forholdet til eldre tiltak.) og treng ikkje ytterlegare behandling. Ved ei utviding vil det vere naturleg å kontakte fiskebiologar for treffsikre tiltak mtp fisk. Både i anleggsfase og i driftsfase vil det bli lagt vekt på at minst mogeleg område rundt fossen vert råka. Vi meiner utvidinga er så lita at den ikkje utløyser krav om ytterlegare undersøkingar. Flaumvassføringar vert lite påverka og i normale år vert dagar med overløp redusert med tre dagar frå 352 til 349 dagar. Sjå tidlegare merknader under Midt-Telemark kommune, Telemark Fylkeskommune, DNT Telemark, Bø Padlegruppe Vi meiner kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg i høve endringa som er omsøkt.

19.09.2025

For utbygger Telemark Energi:

Bystøl AS

Jens A. Melheim